

Regional fagdag for inkluderande praksis i barnehage 2026

Målgruppe: Tilsette i barnehagane, barnehageleiing, PPT-tilsette, eigarar og tverrfaglege samarbeidspartar

Kvar: Auditorium Yggdrasil, Bragebygget, Høgskulen på Vestlandet. Sjå kart her: [BRA1001, Bragebygget, Campus Sogndal – MazeMap](#)

Tidspunkt: Onsdag 4.mars kl 09.00- 15.00.

Lunsj: Ja, enkel lunsj er inkludert. Meld frå om evt. allergiar i påmeldinga

Pris: Kurset vert dekkja av regionale utviklingsmidlar «Kompetanseløftet»

«Pedagogisk analyse som verktøy i barnehagen»

Guttorm Helgøy er seniorrådgjevar ved Nasjonalt senter for læringsmiljø og adferdsforskning ved Universitetet i Stavanger. På sin tydelege og engasjerande måte vil han løfte fram tematikken kring pedagogisk analyse. Me skal jobbe med analysemodellen og konkrete case i grupper og plenum.



Fint om de på førehand kan sjå denne filmen på 10 minuttar der Thomas Nordahl kort forklarar [Pedagogisk analyse on Vimeo](#)

Me ynskjer også case/problemstillingar frå barnehagekvardagen som me kan diskutere denne dagen innan tematikken inkludering og åtferdsutfordringar. Frist for å sende inn anonymiserte case er fredag 27.2 til ingrid.steine.bortne@sogndal.kommune.no

Du vil også få meir utbytte av dagen dersom du har tenkt gjennom eigne situasjonar/case frå barnehagen som du kan relatere til når me jobbar med pedagogisk analyse under samlinga. Dersom du har med eigne konkrete problemstillingar vil du truleg kunne få støtte til å løyse utfordringar du/barnehagen sjølv står i.

Program:

09.00- 09.10: Velkommen og kort informasjon

09.10- 10.15: Systemisk arbeid og bruk av pedagogisk analyse i førtilmeldingsfase med fokus på inkluderande praksis for alle barn. Erfaringsdeling frå partnerskapsprosjekta mellom HVL, PPT, Uravegen barnehage og Gaupne barnehage.

10.15- 10.30: Pause

10.30- 11.30: Pedagogisk analyse som verktøy i barnehagen og case frå kvardagen v/Guttorm Helgøy

11.30- 12.15: Lunsj i kantina

12.15- 14.45: Framhald ved Guttorm Helgøy (det vert lagt inn små pausar undervegs)

14.45- 15.00: Evaluering og avrunding

Påmeldingsfrist: fredag 27.februar kl 10.00. Meld frå om evt. allergiar i merknadsfeltet i påmeldinga.

På vegne av styringsgruppa for Kompetanseløftet i Sogn ynskjer me velkommen til fagdagen!

Med helsing

Ingrid Steíne Bortne

Programleiar barnehage- og skuleutvikling, «System for styrka læring»

Tlf 48 25 03 06 - ingrid.steine.bortne@sogndal.kommune.no